Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6  Fylke: Oppland.

Tilleggsspørsmålnr. ~  Herad: Lom.

Emne: Musikkinstrument  Bygdelag: Bøverdal.

Oppskr. av: Eiliv Brenna  Gard: Brenna.

(adresse): Bøverdalen  G.nr. 113.  Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja, og eller spurnad hjaa andre spelemenner.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Bonde 81½ aar. Brenna.

SVAR

A

I. Vanleg fele. Strenger og alt er kjøpt

II. III. IV. Ukjend her.

V. Langeleik her funnest, men ukjent for oss no.
Eg saag eingong min gamle ven Kr. Prestgaard skriv at han i Heidalen saag ein uppkjøper reiste med ein langeleik paa ryggen. „Reiste med eit gamalt aal-hustraa paa ryggen."

VII. Salmodikon har eg sett i barndomen.

VIII. Lur har vore i bruk her i gamal tid; for oss no er han aldeles ukjend.

X. Bukkehorn - stut var i bruk av ungjetar i vaar ungdom. Fall bort.

XI. Seljefløyte lagast kvar vaar.

XIV Munnharpe finst enno, men lite i bruk

B. Byinstrument berre kjøpt av embettesfolk., og lite i bruk, og ikkje av bygdefolk.
Trekkspel, Nelgespel. Kom til bygda Ca. 1870.
Vore mykje i bruk.

C. Kraaksmelle. Denne kraaksmella vart brukt til aa skramme sau og geiter fraa beite i aaker um vaaren. Og stundom til rein galskap. Var storspildrer som sveiv rundt ein kabel. Eit felt og  styrt leven. Er utor bruk

861

I Lom er lite aa seia um det som det her spurst etter. Lom har i førre hundradaaret havt ein framifraa spelemann som er vitgjeten, Jakop Lom kallast han. Det er skrivi saa mykje um han. Han er rekna millom dei allra største spelemenn av sit slag. Det er uppteke paa notar eintel av hans spel, serleg springleikar.

Dette vart eit magert svar, men naar ingen veit noko saa.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY